

**Universitetet i Bergen, Det humanistiske fakultet, Institutt for framandspråk
Institutttrådsmøte 24. februar 2010, sak 7: Utdanningsmeldinga for 2009**

Utkast
Utdanningsmelding 2009
IF

I Generell omtale

Kalenderåret 2009 har Institutt for framandspråk arrangert 189 emneeksamenar. 155 emne er registrert ved instituttet¹. Gjennom SEVU har instituttet gitt eksamen i 13 emne i 2009.

Fem bachelorprogram (fire tilrettelagde og eitt ope) og sju masterprogram ligg ved instituttet. I tillegg har vi hatt ansvar for MAHF-LÆFR.

Dei fire tilrettelagde bachelorprogramma ved instituttet er Latin-Amerikastudium, SPIK, SPINF og USA-studium. Av desse har eitt (SPINF) eksistert heilt frå starten av kvalitetsreformen, dei andre er av nyare dato. Hausten 2009 sette fakultetet ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå på den tilrettelagte programporteføljen ved HF, og utfallet av arbeidsgruppa si innstilling er enno ikkje klart. Spørsmålet om bachelorprogramporteføljen blir tatt opp på møte i institutttrådet 22. februar, der instituttet si høyringsfråsegn til arbeidsgruppa skal handsamast.

I forhold til problemstillinga om tid til forskning, er det samla emnetilbodet, og undervisningstid per emne, for høgt. Tal frå arbeidstidsrekneskapen viser at det til dels er høge plusstal på alle fag når det gjeld undervisning og administrasjon. Samstundes er vi i den situasjon at det knapt finst midlar til å hyra inn timelærarar. Men dette er ein vond sirkel: Kutt i undervisningstilbod gir færre studentar.

II. Studie- og studentstatistikk

Tabellane er for lite spesifikke til at vi kan gje meningsfylte kommentarar.

III. Generell kvalitativ presentasjon

2009 var eit år prega av store innsparingar på undervisningssida: Vi har måtta stramme inn på bruken av timelærarar, og kutta ned på gruppeundervisninga. Arabisk kunne med eit nødsrik ta inn studentar på master hausten 2009, og situasjonen til hausten 2010 ser mørk ut.

I 2009 arbeidde vi med følgjande hovudområde på instituttet:

”Harmonisering”

- i) Interne rutinar for godkjenning av eksterne sensorar – arbeidet held fram i 2010.
- ii) Normer for undervisningsmengd – for synleggjering internt på instituttet, og for omverda. Vi ser dette som viktig også når det gjeld synleggjering i forhold til dei auka ressursbehova språkfaga har, særleg på 100-nivå. Det er òg stor skilnad faga våre imellom, t.d. mellom engelsk og arabisk.
- iii) Kutte undervisning på 200-nivå begge semester: Engelsk, spansk og tysk vil frå og med 2011 tilby 200-nivå kun i vårsemesteret (og slik vere på line med dei andre faga ved instituttet).

Programsensor

Hausten 2009 tok vi fatt på eit meir målretta arbeid med rutinar og kontraktar for programsensorane ved instituttet. Vi brukar ekstern sensor stort sett på alle nivå ved

¹ Det er verd å påpeike at det er komplisert å telja opp enkeltemne ved instituttet: Eitt og same undervisningsseminar kan bli til tre (eller fleire) emnekodar ved eksamen. Likeeins kan ein kode skjule to eller fleire undervisningsseminar.

eksamenssensurering, men det er framleis fagmiljø og program som ikkje har kome i gang med evaluering gjennom ein programsensor. Når vi no etterkvart kjem i gang med dette, må vi nok i 2010/2011 fokusere meir på fordelinga av arbeidsoppgåver mellom ekstern sensor (eksamen), programsensor, og intern evaluering.

Når det gjeld bruk av programsensor og programevaluering, har instituttet planar om m.a. samling for programsensorane som er knytta til instituttet, men vi må venta med å setja i verk dette på grunn av den økonomiske situasjonen.

Ein del av studieprogramma har gjennomført ulike tiltak for å auka fagleg-sosial tilhøyrigheit [*her skal vi henta eksempel frå fag- og programrapportar*].

Det er ein del misnøye med fysiske rammevilkår for læringsmiljøet. T.d. er det eit aukande problem knytta til undervisningslokala på Sydneshaugen skole at studentane spontant okkuperer dei til kollokvium, noko som fører til forseinkingar og ugreie.

Eit miljøtiltak, og økonomisk sparetiltak, i 2009 var å ta i bruk videokonferanseutstyr til fleire munnlege eksamenar. Vi fekk utdatert utstyr gratis frå IT-avdelinga, og ved starten av 2010 viser det seg at det er vanskeleg å få bytta ut delar. Instituttet ser klart fordelane med å ha slikt utstyr tilgjengeleg, og arbeider med å få kjøpt inn nytt.

Utfordringar

Rekruttering er eit felt vi må sjå nærare på i 2010. Det blir spennande å se korleis dei nye disiplinbaserte bachelorprogramma fungerer som opptakskategoriar i Samordna opptak (SO), og korleis dette eventuelt blir spegla i rekrutteringa til faga ved instituttet. Uavhengig av SO og opptakskategoriar, er brei rekruttering til språkfaga noko det er verd å fokusere på framover.

Vi ønskjer også å evaluere mastertilbodet vårt, med fokus på emneporteføljen og då særleg på masteroppgåve-emnet (350-emnet). Vidare må vi sjå på gjennomstrømming, karakterfordeling, prosjektskisseemne, sensorordninga på 350-emnet, for å nemne noko.

Andre ting vi må sjå nærare på i 2010:

- Syllabus/UA (timeplanlegginga): Problem med (manglande?) kollisjonsmatriser, vanskeleg å planleggje internt. Kvart semester opplever vi at store grupper på t.d. engelsk mistar undervisningsrom og må omrokkere på timeplanen. Mindre fag og studentgrupper får førsteprioritet. Til tross for at vi gir opplysningar om forventa storleik på kulla, verkar det som om store grupper får små rom, og omvendt.
- LITTEHF: Dette emnet var viktig for masterstudentane våre på m.a. russisk, italiensk og arabisk. Fakultetet må snarast mogleg sjå på korleis, eller om, emnet kan leva vidare som eit fellestilbod ved fakultetet.
- Korleis sikre at egenevaluering er faginitiert?

Vidare vil vi gi ei omtale av enkeltfag og program, ut frå utdanningsmeldingane vi har motteke.
